



Fjaler kommune  
Postboks 54  
6961 DALE I SUNNFJORD

Vår dato:  
10.06.2021

Vår ref:  
2021/1917

Dykkar dato:  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Fjaler kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Fjaler kommunestyre har i møtet 17.12.2020, sak 151/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021–2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Sjølv om vi er komne langt ut i nytt år no, vel vi likevel å komme med tilbakemelding på dokumenta, med tanke på arbeidet med budsjett og økonomiplan for neste periode, som tek til att på hausten.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

Fjaler kommune sine budsjett- og økonomiplandokument viser ein stram økonomi i planperioden. Statsforvaltaren er uroa for utviklinga i lånegjelda, kombinert med underskot i drifta gjennom perioden.

Eit svekt handlingsrom kan fort få konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane. Framover bør kommunen styre etter måltal for å oppnå berekraft og eit handlingsrom som står seg over tid.

### Budsjett 2021

Budsjettet viser eit netto driftsresultat på minus 3,7 mill. kroner, som utgjer minus 1,24 prosent av driftsinntektene. Budsjettet er balansert ved bruk av bundne fond og disposisjonsfond. Resultatet ligg godt under det anbefalte nivået frå Teknisk Berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent. Førebelse tal frå 2020 viser eit driftsresultat på minus 1,4 prosent.



Budsjettet skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal, viser at kommunen budsjetterer om lag på same nivå som prognosemodellen.

Disposisjonsfondet utgjer 12,5 millionar kroner etter førebelse tal frå 2020. Dette er noko lågare enn det anbefalte nivået frå TBU på 5 prosent.

Sum investeringar i anleggsmiddel utgjer 110 mill. kroner. VA-investeringar utgjer 0,6 mill. kroner av dette. Investeringane skal delvis finansierast med opptak av lån på om lag 89 mill. kroner. Dei største investeringane er nytt beredskapsbygg og til Dingemoen skule.

Den langsiktige gjelda utgjorde om lag 384 mill. kroner ved utgangen av 2020. Dette utgjer 117,7 prosent av brutto inntekter, og er om lag likt med gjennomsnittet for landet (eks. Oslo) på 117,2 prosent.

### Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løvningar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter utgjer om lag 0 prosent for 2022, minus 0,63 prosent for 2023 og 0,15 prosent for 2024. Budsjetta blir balansert ved bruk av bundne fond og disposisjonsfond. Netto bruk av bundne fond og disposisjonsfond utgjer 4,5 mill. kroner i løpet av perioden.

Sett bort frå utbetalingar frå Havbruksfondet og at eigedomsskatteinntektene aukar frå 2022, kan vi ikkje sjå at det er andre vesentlege endringar i sentrale inntekter i perioden. Overføringer til helse og omsorg og oppvekst går noko ned i 2022, elles er det om lag same overføringane til einingane i perioden.

Sum investeringar i perioden utgjer om lag 172 mill. kroner. 10,9 mill. kroner er sjølvfinansierande VA-investeringar. Det er budsjettet ein auke i renter og avdrag på 3,7 mill. kroner i løpet av perioden for å finansiere dette. Langsiktig gjeld etter avdrag, vil ved utgangen av perioden utgjere om lag 442 mill. kroner, sett bort frå startlån og lån til VAR. Dette tilsvrar ei langsiktig gjeld i prosent av driftsinntektene på 143 prosent. Dette er høgt og ligg godt over snittet for landet og anbefalt nivå.

### Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Fjaler kommunestyre har ikkje vedteke handlingsreglar eller finansielle måltal for 2021, slik lova pålegg kommunane å gjere. I dokumenta skriv kommunen at måltala skal utarbeidast endeleg i 2021, og har med oversikter på utvikling av netto driftsresultat, langsiktig gjeld, og disposisjonsfond gjennom perioden.



### Statsforvaltarens vurderingar

Folketalet har årlege variasjonar, men har likevel vore stabilt dei siste åra. Frå 2020 til 2021 viser tala ein auke med 83 personar. Dette tilsvrar ein auke på 2,96 prosent siste året. Første kvartal -21 viser ein nedgang på 1,66 prosent, slik at folketalet no er 2 837 innbyggjarar.

Statsforvaltaren er uroa over at lånegjelda aukar så mykje i perioden, og at stadig meir av driftsinntektene må brukast til betaling av renter og avdrag. Vi må vidare peike på at utviklinga av rentenivået er usikkert dei nærmaste åra, og at drifta hittil har vore avhengig av inntekter (utbetalingar) frå Havbruksfondet. Det er bra at kommunen tek opp meir av låna sine i fastrentelån for å sikre seg mot større rentesvingingar, sidan netto renteeksponering av gjelda allereie er høg.

Investeringsnivået har vore høgt siste åra, og dette blir videreført også i denne perioden. Det er derfor viktig at kommunen vedtek finansielle måltal å styre etter, for å sikre framtidig berekraft, opparbeide seg eit handlingsrom som står seg over tid, og at ein ikkje vert avhengig av inntekter ein ikkje rår over sjølv.

Det er positivt at kommunen tek inn berekraftsmåla i plandokumenta sine, og har sett opp tiltak for kva kommunen kan gjere lokalt, for kvart av dei 17 berekraftsmåla. Dokumenta er elles ryddige og informative.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*